

## **Samarbeidsavtale mellom Bjørnafjorden kommune og Bjørnafjorden idrettsråd**

### **1. Bakgrunn og mål med avtalen**

Kommunen og idretten har eit felles mål om å stimulera og leggja til rette for at alle kan vera fysisk aktive i nærmiljøet og ta del i organiserte aktivitetar.

Målet med denne avtalen mellom Bjørnafjorden kommune og Bjørnafjorden idrettsråd er å styrkja det naudsynte samarbeidet mellom kommunen og den frivillige idretten. Avtalen skal bidra til å klargjera viktige prinsipp, gjensidige krav og forventningar.

### **2. Samarbeidet**

Bjørnafjorden idrettsråd er eit organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og er dei lokale idrettslaga sin interesseorganisasjon. Det er leiar og nestleiar som på vegne av idrettsrådet har kontakt med kommunen.

Det er eit hovudprinsipp at saker klubbane ønskjer å fremja til kommunen, som er av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for idrettsrådet til uttale. Ein eventuell uttale frå idrettsrådet skal følgja saka og liggja til grunn for administrative eller politiske vedtak.

Alle saker skal sendast kultureininga der dei tilsette har følgjande oppgåver:

**Kultursjef:** Godkjenner overordna saker og økonomi.

**Rådgjevar for idrett og friluftsliv:** Søknader om treningstid, kulturmidlar og spelemidlar.

Idrettslag må informerast om at Bjørnafjorden Idrettsråd skal få kopi i saker som blir sendt til kommunen og motsett. Dette er særst viktig i dei sakene idrettsrådet skal gje uttale i. Idrettsrådet kan også medverka i saker i Bjørnafjorden kommune på andre måtar, til dømes ved å vera representert i arbeids- og prosjektgrupper.

Kultureininga har ein representant som deltek som observatør ved invitasjon i styremøta til Bjørnafjorden idrettsråd.

### **3. Høyringsrett**

Bjørnafjorden idrettsråd har høyringsrett i alle politiske saker som direkte omhandlar idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Idrettsrådet må få sakene til uttale i rimeleg tid.

Administrativ og politisk leiling kan inviterast til møte med Bjørnafjorden idrettsråd ved behov.

### **4. Oppgåver/anleggsutvikling**

Kultureininga har ansvar for sakshandsaming av spelemidlar/søknader.

Det er viktig at idrettslag tek kontakt med kultureininga i ein tidleg fase når dei planlegg nye anlegg eller rehabilitering. Det er viktig at søknadsfristar vert haldne.

### **Fordeling av Statlege LAM midlar**

Idrettsrådet fordeler LAM midlar etter fastlagte kriteria.

### **Fordeling av renterefusjonsmidlar**

Idrettsrådet fordeler kommunale renterefusjonsmidlar til idrettslag som har teke lån i påvente av utbetaling av spelemidlar. Ordninga gjeld kun for idrettslag der lån er registrert i finansieringsplan knytt til spelemiddelsøknad.

Idrettsrådet administrerer ordninga og rapporterer fordeling til kultureininga.

### **Søknad om kulturmidlar og andre kommunale tilskotsordningar**

Idrettsrådet skal bidra til god informasjon til idrettslaga om kommunale tilskotsordningar. Digitale søknadsskjema på kommunen sine heimesider vert nytta.

Kommunale tilskotsordningar til idretten er avhengig av kva budsjett som vert løyvd kvart år.

### **Søknad om treningstider i hallar og gymsalar**

Det skal fordelast treningstid i hallane/nokre gymsalar ein gong kvart år.

Digitale søknadsskjema på kommunen sine heimesider vert nytta.

### **Prioritert venteliste.**

Når fordeling av treningstider er vedteken, vert det utarbeidd ei prioritert venteliste. Dersom tildelt treningstid ikkje vert nytta eller at lag trekkjer seg, skal ledig tid verta tildelt ut frå venteliste.


### **Viktige datoar og tidspunkt for når oppgåver skal utførast:**

	<b>Søknadsfrist</b>	<b>Ferdig behandla</b>
Søknad om kulturmidlar	1. mars	31. april
Søknad om treningstid i hallar/gymsalar	15. mai	15. juni
Søknad om spelemidlar	15. oktober	15. Januar

### **Revisjon av avtalen**

Innhald i denne samarbeidsavtale er ei vidareføring av tidlegare avtaler frå Os og Fusa. Avtalen vert vedlegg i ny sektorplan for kultur. Avtala kan endrast når partane er einige om det.

Dato: 02.04.24



Bjørnafjorden kommune, ved Ordførar



  
Bjørnafjorden idrettsråd, ved leiar